



FYLKESMANNEN I ROGALAND

Utdanningsavdelinga

Tilbakemelding etter besøk i Time kommune 15.01.2004

Fylkesmannen i Rogaland, Utdanningsavdelinga, var på kontakt- og tilsynsbesøk i Time kommune 15.01.2004. Skolevurdering og kvalitetsutvikling var hovudtema for besøket. Temaet blei klargjort gjennom samtalar/intervju med representantar frå leiinga i kommunen, samt skoleleiarar og representantar for lærarar, foreldre og elevar frå Lye skule og Lye ungdomsskule.

Del 1:

Første del av kommunebesøket var sett av til strukturerte samtalar/intervju med representantar for elevar, føresette, lærarar og rektorar. Representant frå PPT hadde forfall.

Del 2:

Andre del av kommunebesøket var sett av til informasjon/drøfting med kommunalsjef og sentrale medarbeidarar i tenesteområde Oppvekst og leiar i den politisk valde driftskomiteen. Ein tok føre seg aktuelle tema som kommunen og utdanningsdirektøren ønskte å informere om eller å drøfte.

Følgjande personar deltok ved kontakt- og tilsynsbesøket:

Frå Time kommune	Arvid Søyland	Leiar i driftskomiteen
	Ørjan Daltveit	Kommunalsjef for tenesteområde Oppvekst
	Knut Aalgaard	Rådgivar i tenesteområde Oppvekst
	Reidun Roe Bohne	Konsulent i tenesteområde Oppvekst
	Marit Sørensen	Rektor Lye ungdomsskule
	Arne Barsnes	Rektor Lye skule
	Marit Lima Søyland	Lærer Lye skule
	Sigurd Ravndal	Lærer Lye ungdomsskule, trinnleiar 9. trinn
	Sissel Strædet	FAU / foreldrerepresentant, Lye skule
	Aslaug Sørensen	SU / foreldrerepresentant, Lye ungdomsskule
	Ingvild Wold	Elevrepresentant og elevrådsleiar Lye skule
	Cecilie Lund Mathisen	Elevrepresentant, Lye ungdomsskule
Frå Fylkesmannen i Rogaland	Svein Helgesen	Utdanningsdirektør
	Audun Gjerde	Rådgivar
	Else Merethe Strande	Rådgivar

DEL 1

Intervju/samtalar med fokus på lokal skolevurdering og kvalitetsutvikling

Samtalane tok utgangspunkt i eit sett av spørsmål som vert nytta ved kontakt- og tilsynsbesøk i alle kommunar. Fleirtalet av spørsmåla er felles for alle informantgruppene. Samtalane var organisert gruppevis. Hovudtema i samtalane er kommunen/skolane sitt arbeid med lokal skolevurdering og kvalitetsutvikling, med basis i Forskrift til opplæringslova, § 2-1:

” Skolen og lærebedrifta skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i den generelle delen av læreplanen og dei enkelte læreplanane for fag.

Kommunen og fylkeskommunen har ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført etter føresetnadene.”

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	e-post:	Landbruksavd.	Telefon:
		51568700	postmottak@fm-ro.stat.no	Langflåtvn. 29	51568700
Postboks 59	Lagårdsv. 78	Telefaks:	Heimeside:	Postboks 210 Sentrum	Telefaks:
4001 Stavanger	Stavanger	51568811	www.fylkesmannen.no/rogaland	4001 Stavanger	51568941

Planar i samband med lokal skolevurdering og kvalitetsutvikling

Time kommune har gode skriftlege rutinar på området både på kommune- og skolenivå. Mellom anna er det skriftleggjort tenestestandard for skole. Det ligg føre ”Styringsdokument for kvalitetsutvikling”, ”Økonomiplan 2004 – 2007” og ein overordna ”Strategiplan for tenesteområde oppvekst 2003 - 2006”. Denne har mål og tiltak for tenesteområdet Oppvekst og fordeler ansvar ut på tenesteeiningane. Plan for etterutdanning og kompetanseheving inngår i skolane sine verksemdplanar. Det ligg føre årsmelding for skole og barnehageetaten og rapportar knytt til ulike brukarundersøkingar for både skole og barnehage. Skolane vurderer grad av måloppnåing knytt til skolen sin handlingsplan for året når dei skriv årsmeldinga.

Ekstern deltaking i skolebasert vurdering

Skolen opplever PPT sin nærleik og oppfølging i skolekvardagen som relativt god, men peikar på at vakans og sjukefråver i PPT har gått ut over kapasitet og hindrar involvering i systemretta arbeid. PPT har til no i liten grad vore aktivt med i arbeidet med skolevurdering og kvalitetsutvikling i Time kommune.

Evaluering av arbeidet med lokal skolevurdering

Verksemdplanar, årsmeldingar, brukarundersøkingar, kartleggingsprøver, karakterstatistikkar, elevsamtalar og medarbeidersamtalar er verktøy som blir nytta i det samla arbeidet med skolevurdering og kvalitetsutvikling i Time kommune. Dei ulike aktørane i skolesystemet er kjende med rutinane. Oppfølginga frå kommunalt hald og frå rektorane sikrar godt samsvar mellom teori og praksis. Oppvekstsjefen er oppteken av at skolane i Time tek kravet om systematisk vurderingsarbeid på alvor. Rektorane legg vekt på rutinar for synleggjering og understrekar behovet for ”å halde trøkket oppe” i eige kollegium. Det er også danna ”sjølvdrivne” nettverk som har dette på dagsorden.

Leiinga på kommune- og skolenivået legg vekt på eit nært samarbeid med foreldra i skolen. Skolevurdering og kvalitetsutvikling er tema på rektormøte, personalmøte, i elevråd og klasseråd, i samarbeidsfora og på møte mellom elev, foreldre og lærar (trekantsamtalar). Intervjurunden gir inntrykk av at det er god informasjon og samhandling mellom heim og skole og mellom elev og skole/lærarar.

Våren 2003 vart det gjort brukarundersøking ved Lye ungdomsskule. Av elevane svarte 89% medan svarprosenten hos foreldra var 46. Av dei tilsette var det berre 13 av 25 som leverte svar. Brukarundersøkingane byggjer opp under Time kommune si satsing på mellom anna trivsel og deltaking. Kommunen deltok i Ungdomsundersøkinga i 2002 (rus, mobbing, trivsel) og har hatt brukarundersøking for føresette til barn i barnehage og for dei tilsette der.

DEL 2

Aktuelle saker/tiltak i Time kommune – orientering og drøfting

Utviklingsarbeid og prosjekter i Time

Kommunen har i samband med utviklinga i skolen fokus mellom anna på følgjande område:

- Utvikling av leiaravtalar mellom oppvekstsjef og einingsleiarar
- Revidering av strategiplan gjennom brei involvering. Elevane har vore med i utviklinga av den fyrste strategiplanen, men er ikkje tenkt involvert direkte i arbeidet med revideringa.
- Skyss – revidere vurderinga av særleg farlege eller vanskelege skoleveggar etter uttale frå lokal lensmannsetat og Statens vegvesen Region Vest.
- Utvikling av modell for tildeling av ressursar til skolane med utgangspunkt i grupper med 12 elevar. Elevauke og store endringar i behov for spesialpedagogiske tiltak blir lagde inn i økonomiplanen. Store endringar i ressursbehov til spesialundervisning må først inn i totalbudsjettet for tenesteområde Oppvekst. Ved rammetildeling til skolane blir PPT si tilråding

om ressursar til spesialundervisning følgd opp. Dette behovet utløyser ikkje ekstra ressursar, men må finansierast innanfor den tildelte budsjetttramma.

- Interkommunalt samarbeid om ”Fritt skolevalg” mellom Time og Klepp kommunar.
- Lesedugleik – kartleggingsprøver på alle trinn og oppfølging med tiltak. Satsing på tiltak innan ramma for ”Gi rom for lesing”.
- MiT, (Matematikk i Time), se www.timeskole.no Alle skolane skal i løpet av kommande 3 år ha eigne prosjekt med fokus vald frå 10 oppsette tema.
- TRAS (Tidleg registrering av språkutvikling). Kobling barnehage – skole for å ivareta språkutviklinga gjennom tidleg oppdaging og iversetting av tiltak.
- TRAM (Tidleg registrering av matematikkvanskar). På planleggingsstadiet ennå.
- Olweusprogrammet. Time kommune har sett inn store økonomiske ressursar for å følgje oppfordringa frå departementet om å ha eit kontinuerleg fokus på læringsmiljøet og arbeidet mot mobbing og barne- og ungdomskriminalitet. Null-toleranse overfor mobbing og aktiv involvering i heile skolemiljøet er sentralt i programmet. Tilsette, elevar og foreldre deltek aktivt. Eit oversyn viser at frå 2002 til 2003 vart prosentdelen for elevar ved Lye og Frøyland skuler som meinte seg mobba halvert. Barnehagane er oppfordra til å delta i programmet som del av barnehagen sitt arbeid med utvikling av sosial kompetanse.
- Opplæringslova kap. 9A Elevane sitt fysiske og psykososiale skolemiljø. Elevråda skal få kurs. Vekt på medverknad frå elevane. Planar for utbygging av Bryne og Hognestad skolar for å møte vekst i elevtalet.
- Vaksenopplæring på grunnskolen sitt område. Klepp og Hå kommunar kjøper tenester hos Time kommune. Informasjonsmateriell er under utarbeiding.
- Gratisprinsippet har vore oppe som politisk sak i samband med turane for elevane til Polen med ”Dei kvite bussane”, leirskoleopphald i barneskolen og Den kulturelle skolesekken. Ei utfordring at folk flest ikkje skjønar utfordringa. Dei vil gjerne betale for borna sine ved utflukter, museumsbesøk osv.
- Delt rådgivartjeneste gir stor gevinst i forholdet til vidaregåande opplæring. Ordninga blir no utvida til å gjelde alle Jærkommunane. Stor satsing mellom anna på utvikling av karriereplanar for elevane. Utfordring at Rogaland fylkeskommune ber kommunen dekke utgifter til frikjøp av rådgivarar frå vidaregåande skolar som har samtalar med elevar i ungdomsskolen.
- Demonstrasjonsskolar i kommunen: vil oppfordre Bryne skule til å halde fram som demonstrasjonsskole, og kanskje oppmode Time språkstasjon til å søkje om å bli demonstrasjonsskole, om det er mogleg.

Oppsummering/vurdering

Følgjande oppsummering/vurdering frå utdanningsdirektøren byggjer i hovudsak på inntrykka frå samtalar og informasjon under kontakt- og tilsynsbesøket, samt frå gjennomgang av skriftleg materiale innsendt frå kommunen i førekant av besøket:

1. Time kommune har etablert gode rutinar og god systematikk både på kommunenivå og skolenivå når det gjeld strategiarbeid, verksemdplan og iverksetting av konkrete tiltak for vurderings- og kvalitetutvikling. Skolevurdering synest å vere ein integrert del av verksemda på den enkelte skolen. Kommunen har definert visjonar, mål og tiltak for arbeidet på oppvekstområdet. Grunnlaget er innsikt i og tenking kring noverande og framtidige utfordringar, utarbeidd med innspel frå alle partar. Både kommune- og skolenivå synest å vere prega av motivasjon og vilje til positiv utvikling. Utdanningsdirektøren ser dette som eit godt grunnlag for vidare lokalt forankra arbeid med evaluering og oppfølging av nasjonale og lokale mål for kvalitetsutvikling i opplæringa, ikkje minst i møte med utfordringane som nytt

nasjonalt vurderingssystem vil representere. PP-tenesta bør blir trekt meir aktivt med i dette arbeidet.

2. Organisasjonsmodellen og heilskapstenkinga bak det som går føre seg i Time synest å støtte opp om ambisjonane om å vidareutvikle ein god lokal skole. Utdanningsdirektøren oppfordrar kommunen til å halde fast på dette. Planar med forankring i leiinga på alle nivå, og med kommunen som aktiv skoleeigar, er ein viktig føresetnad for å kunne ivareta samordning og god utvikling. Engasjementet på kommunenivået er sterkt, men arbeidspresset og ansvarsfeltet er svært stort. Med bakgrunn i klare bekymringssignal frå rektorar vil utdanningsdirektøren understreke behovet for å prioritere tid og ressursar til tilretteleggings- og oppfølgingsarbeid frå sentralt nivå i kommunen. Det same gjeld PP-tenesta.
3. Under utdanningsdirektøren sitt tilsynsbesøk i 2000 vart det peika på ei positiv utvikling med omsyn til ressursituasjonen i Time skolen. Statistikk tyder på at kommunen på området har hatt ein stabil ressursituasjon også dei siste åra. Presentasjon av modell for ressurstildeling tyder på at organisering av elevane i pedagogisk forsvarlege grupper i staden for tradisjonelle klasser, kan bli nytta til beste for elevane og skolane. Vi fekk presentert ein modell for ressurstildeling som tar utgangspunkt i at klassesdelingsreglane er tatt ut av lova. Elevane kan bli organiserte i grupper etter behov. Modellen var interessant og ser ut til å kunne stette krava i lova om at gruppedeling skal vere pedagogisk forsvarleg.
4. Brukarundersøkingar indikerer at kommunikasjonen mellom skole og heim har utvikla seg positivt, og at foreldra engasjerer seg. Erfaring viser at formalisering og skriftleggjing av rutinar gir den beste garantien for eit utviklingsarbeid som er involverande og forpliktande for alle partar. Sterkare medverknad føreset at foreldra har reell vilje til å engasjere seg.

Når det gjeld ansvarleggjing og involvering av elevane, ligg hovudutfordringa i å kombinere fridom og ansvar på ein forsvarleg måte. Det bør vere eit mål for alle kommunar og skolar å styrkje elevane sin reelle medverknad på eigen kvardag og lærings situasjon, sett på bakgrunn av alder og modningsnivå. Det gjeld både i høve til planlegging og gjennomføring av læringsarbeidet på trinna og i høve til skolen sitt overordna plan- og skolevurderingsarbeid.
5. Med bakgrunn i konkrete klagesaker vil fylkesmannen vidareføre dialogen med Time kommune om prosedyrar og rutinar i samband med særleg farlege eller vanskelege skoleveggar, oppfølging av oppl. § 2-5 og praktiseringa av nærskoleprinsippet.

Utdanningsdirektøren vil til slutt takke Time kommune for eit hyggeleg og godt tilrettelagt besøk, god informasjon og konstruktiv dialog.

Med helsing

Svein Helgesen
utdanningsdirektør

Else Merethe Strande
rådgivar

Saksbehandlar: Else Merethe Strande
Saksbehandlars telefon: 51 56 87 24
E-post: Else-Merethe.Strande@fm-ro.stat.no